



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik Sokneråd

Referat frå møte i Lavik sokneråd 1. mars 2021 kl. 19.00

Tilstades:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Borlaug Ringereide, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Geir Sørebo.

Ord til opning v/ Geir Sørebo

Godkjenning av innkalling og sakliste

Referat frå siste møte vart gjennomgått.

Meldingssaker:

02/21: Sidan sist.

1 Leirbålgudsteneste 31.januar i Mølmesdal var ei fin oppleving for 32 personar

2 Gudsteneste 21.jan kl 17 for max 10 personar, 2 frammøtte utanom deltakande.

3 Leirdag 25.febr. på Alværa. 9 born frå Lavik og to vaksne hadde ein fin leirdag i vinterferien som ei lita erstatning for den tradisjonelle vinterleiren som er utsett pga smittevernreglane. Vi er glade for å kunne bruke Alværa til slike spontane arrangement.

4 Fellesrådsmøte 25. februar. Gjennomgått referat.

5 Andakt på helsesenteret v/ Geir med godt frammøte.

6 Dåpsgudsteneste 28.febr. Reglane vart endra slik at det vart omgjordt til ei opa gudsteneste, 27 tilstades totalt.

03/21: Nye smittevernsreglar Stadige endringar i smittevernreglane er utfordrande – både å ha oversikt over, og å handtere. Pr no er det ved gudstenester høve til max 100 stk som sit roleg på tilviste plassar føresett at det er fysisk plass til 2 meters avstand mellom kohortar. Vi vel å praktisere at kyrkjevertane (to stk) tildeler plassar til frammøtte – heller enn å nummerere plassane.

03/21: Ny kyrkjeleg organisering Geir orienterte om den pågåande diskusjonen om korleis kyrkja sine tilsette skal vere organiserte etter at stat og kyrkje skilde lag for fleire år sidan. Tradisjonelt har prestar vore organiserte under biskopen, medan andre tilsette i kyrkjelydane har hatt fellesrådet som tilset og er arbeidsgjevar. Dette bør endrast etter ny kyrkjelov, slik at alle har ein felles overordna, men det viser seg utfordrande å kome til ein modell som alle er nøgde med. Eit forslag er eit «prostifellesråd» der representantar frå alle kommunane/sokna tilset og er arbeidsgjevar. Saka skal opp på neste kyrkjemøte.

04/21: Ny gudstenesteordning er under utarbeiding. Kwart sokn har vald representantar som skal møtast og gjennomgå dette.

05/21: Konfirmasjon i 2021 er utsett til hausten, laurdag 18.sept.i Lavik.

Samtalegudsteneste vert i Lavik i løpet av våren, då ein pr no ikkje kan ha det saman med Hyllestad,

Vedtakssaker:

05/21: Gudstenestene

Pandemien har endra oss og måten vi møter andre menneske på - både privat og elles. Truleg kjem ein aldri tilbake til akkurat slik det var for eit år sidan. Dette har mellom anna opna auga for at det er mogeleg å variere gudstenesteforma noko meir enn før. Friluftsgudstenester har vorte meir vanleg, og berre kreativiteten set eigentleg grenser. Jfr Jesus, som nesten alltid var ute i naturen når han forkyste. Under ide-myldring på møtet kom det fram fleire former som vi kan jobbe vidare med å utforme... ved ei bålpanne-, ved sjøen, dåp ved ei elv, - på fjellet, - på eit tun, - utfordre konfirmantar til å utforme ei gudsteneste, - involvere born frå kulturskulen, - Evt kan ein tilpasse tekstane ein tek utgangspunkt i til staden ein er på i nokon grad. Les evt artikkel av Geir Sørebo i avisa Vårt Land 14.februar der han skriv om å bruke naturen i større grad. Sjå evt også hans God Helg-innslag på YouTube/heimesida «Praise God in the Nature». Samstundes må vi også ha dei tradisjonelle kyrkjesamlingane, ta omsyn til at ikkje alle har høve til å delta i naturen pga fysiske hindringar.

Vedtak: Vi vil i større grad vere opne for variasjon på gudstenestene.

06/21: Gudstenesteplan april – juli 2021

Kyrjevert/klokkar/takkoffer i mars – april vart gjennomgått. Plan vedlagt.

Vi tenker at vi kan ha Påskemåltid skjærtorsdag på Alværa, der det vil vere god plass. Toril/Olav, Torunn og Svein fordeler oppgåver.

1.påskedag hadde det vore fint å med nokon frå Fjordbrass til å spele, gjerne ute. Den planlagde vårkonserten som Fjordbrass ynskjer å arrangere fredag før palmehelga vert kanskje svært utfordrande å få til pga smittevernreglane (Fjordbrass vil teste kor stor plass dei evt vil trenge før dei tek stilling til om dei held konsert). Men kanskje speling 1.påskedag kan vere ei «lita» erstatting?

Vedtak: Vedlagt gudstenesteplan

07/21: Arrangement våren 2021

Mat og prat har vorte utsett 2 gonger, og årsmøte med årsmøte som skulle vere 3. mars, er utsett. Vi vel å slå saman desse til eitt arrangement på Alværa i tråd med gjeldande smittevernreglar. Fordeling av oppgåver på neste møte. Tema: kanskje noko om korleis vere kyrkje etter at pandemien har endra oss...korleis bygge fellesskap med påbod om avstandsrestriksjonar?

Vedtak: Årsmøte/Mat og prat vert torsdag 15.april kl 19 på Alværa.

08/21: Påskevandringplansjar Det er kome ny serie med påskevandringplansjar «Via Dolorosa» Pris kr 3000. Ein ide er å bestille dei, sette dei opp rundt kyrkja som i fjor, - og lage til eit arrangement i forkant av påska der ein snakkar om dei, og kanskje lagar det til som ein slags natursti med oppgåver.

Vedtak: Lavik kyrkjelyd bestiller årets påskevandringplansjar

09/21: VIPPS Der er høve til å ha underkategoriar på Vipps, noko som kan vere praktisk. Fx
1) Takkoffer i gudstenesta 2) Gåve til kyrkjelydsarbeidet og 3) Trusopplæring - eigenandel

Vedtak: Lavik kyrkjelyd skal ha tre underkategoriar på Vipps.

10/21: Helgestunder Det har i fleire år vore kyrkjeverge som har teke ein stor del av ansvaret for bladet. Dette tek mykje tid, og han ynskjer no avløysing for dette. Eit forslag er at ein repr.frå kvart sokneråd (ein redaksjon) tek ansvar for å samle stoff og sende til kyrkjeverge, som så kan sette saman stoffet og sende til trykking; ein kan også vurdere om ein kan redusere antal blad i året, som no er 4. Stoff til Helgestunder bør vere fast sak på soknerådsmøta. Det vart ikkje gjort noko vedtak i denne saka. Utsett.

11/21: Fasteaksjonen 2021. Det må også i år bli hovudsakleg digital fasteaksjon, konfirmantane kan utfordrast til å lage ein aksjon på Facebook, og i tillegg stå ved Bunnpris med innsamling på bøsser og/eller Vipps.

Vedtak: Toril utfordrar konfirmantane til å ta ansvar for å organisere fasteaksjonen.

Nytt møte torsdag 8.april kl 19 på Alværa

Lavik 02.03.2021

Torunn Styve ref.

Plan for gudstenestene januar – april 2021

Dato	Kl	Gudsteneste	Prest/delte	Organist	Kyrkjetenar	Takkoffer	Klokkar	Kyrkjevert	Merknad
10. jan	11.00	Tårnagentgudsteneste	Geir	Gerda	Bjarne	IKO	Torunn?	Tonje	avlyst
31. jan	11.00	Høgmesse	Geir	Gerda	Bjarne	Bibeldagen			
21. febr	17.00	Høgmesse	Geir	Gerda	Olav	Kirkens bymisjon	Toril	Wenche	
28. febr	12.00	Dåpsgudsteneste	Geir	Gerda	Olav	IKO	Toril	Torunn	
14. mars	11.00	Høgmesse	Geir	Gerda	Audun	Menighetsfakultet	Torunn	Rolf Monica	inne
01. april	18.00	Påskemåltid/ Skjærtorsdag	Geir	Gerda	Bjarne	Gåve til kyrkjelyden			Alværa
02. april	16.30	Langfredag Andakt – helsesenteret?							
04. april	11.00	Høgtidsgudsteneste		Katrin	Audun	Fasteaksjonen	Toril	Tonje Torunn	
25. april	11.00	Høgmesse	Geir	Gerda	Bjarne	Strømmestiftelsen			Dåp
17. mai	13.00								